

## Uttale frå styret for fagskulen i Sogn og Fjordane

Vedkommande sak oppnemning av prosjektstyre og mandat for prosjektstyre for Fagskulen i Vestland

### Vedkommande prosjektstyret.

Styret for FAS ser det som viktig at prosjektstyret blir forankring i dei to organisasjonane. 4 folkevalde og 2 arbeidslivsrepresentantar vil gjere at vi kan velje to folkevalde og ein arbeidslivsrepresentant frå kvart av dei to styra for dagens skular. Den administrative representanten er den same personen i dei to styra. Dette er ei god forankring, men vi meiner det er formålstenleg å ha to tilsettere representantar og to studentrepresentantar.

Vi meiner det vil skape meir demokratiske prosessar og føre til ein meir effektiv sakshandsaming ved å ha to tilsettere representantar og to studentrepresentantar. Sakshandsaming vil vere lettare for desse representantane ved å arbeide med saksprosessane i eigne organisasjonar som dei er kjende med. På denne måten kan dei lettare og meir effektivt legge fram sakene, og få fram alle argument og synspunkt.

Styret for FAS foreslår at prosjektstyret skal bestå av 11 medlemmer:

- 4 folkevalde eigarrepresentantar
- 2 arbeidslivsrepresentantar
- 1 administrativ eigarrepresentant
- 2 studentrepresentantar
- 2 tilsettere representantar

### Vedkommande mandat

- 1 Den nye fagskulen vil bli den største fylkeskommunale fagskulen i landet med 8 studiestader spreidd over eit stort geografisk område. I denne samanheng blir informasjon og forankring viktige tema. Ein felles organisasjonskultur og eit arbeid med å sikre god organisering og leiarstruktur, vil bidra til dette. Arbeidet med informasjonsflyt må vere avklart før samanslåinga. Studentane må ha lik informasjon og retningslinjer på tvers av studiestadene i tråd med lokale forskrifter.

#### Vi ser det som vesentleg del av mandatet

- **å utvikle ein organisasjonsstruktur der leiar- og avdelingsleiarstrukturen vert lagt.**

Samstundes må mandatet innehalde arbeid med organisasjonskultur og personalutvikling der personalet sine representantar må delta aktivt. Det er vesentleg at ein organisasjon som er spreidd på 8 studiestader arbeidar fram eit felles verdigrunnlag og ein felles kultur. Arbeidet med kultur- og verdibygging krev omfattande informasjons- og kommunikasjonsprosessar. Blir dette grunnlaget lagt før samanslåing, lagar vi eit grunnlag som vil gjere den nye fagskulen i stand til å utvikle potensialet som landets største offentlege fagskule frå første dag.

#### Vi ser det som vesentleg del av mandatet

- **Byggefelles felles kultur og verdigrunnlag**

Det vil vere nokre oppgåver som er viktigare enn andre i prosjektperioden. To sentrale oppgåver blir:

- arbeid med felles arbeidstidsavtale
- harmonisering av studieavgift vil og vere ei sentral oppgåve.

2 Styret ser det som ein føresetnad at pkt 1 kjem inn i mandatet slik at vi kan sikre punkta i grunnprinsippa:

Følgjande grunnprinsipp vert lagt til grunn:

- Studentane skal møte ei opplæring med høg kvalitet
- Fagskuleutdanninga skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
- Fagskuleutdanninga skal bidra til regional kompetanseutvikling og vekstkraftige lokalsamfunn i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv

3 Arbeidet som skal gjerast i samanslåingsprosjektet er omfattande. Samstundes er dette arbeidet eit viktig grunnlag for ein god samanslåing. Vi viser til erfaringar frå samanslåing av andre fagskular i samband med regionsreforma, og til erfaringar frå Høgskulen på Vestlandet. Dei peikar på viktigheita av å gjere samanslåingsprosessen grundig. Det vil lette utgangspunktet for Fagskulen i Vestland, og unngå å ha med seg uavklarte organisasjonsstrukturar inn i den nye skulen. Uavklara forhold kan medfører ein periode der utviklinga for Fagskulen i Vestland står stille og energien blir brukt på å rydde opp.

Fylkestinget har vert fornuftige og gitt romsleg med tid til samanslåingsprosessen. Det vil og vere fornuftig, i tillegg til prosjektrektor, å tilføre administrative ressursar og støttefunksjonar frå fylkesadministrasjonen.

### **Økonomi**

Kostnader for prosjektrektor og administrative støtteresursar må belastast skuleeigar og ikkje belaste fagskulen sine økonomiske rammer. Samanslåinga må ikkje gå utover dagens studietilbod og kvalitet for dagens studentar.